

Solfjellslopet to veker fram

25.01.2010





Cathrine Haugland under Solfjellsløpet i fjor.

Det første Solfjellsløpet 28. juni i fjor vart godt motteke og fekk mykje skryt både for trase og avvikling, Difor vert dette eit årleg arrangement, vert det opplyst i årsmeldinga til ski- og friidrettsgruppa. Men det blir gjort eitpar endringar, mellom anna at løpet blir flytta to veker fram slik at det kjem på sundagen same helga som Aktivitetsdagen

Årsmeldinga frå gruppa bar elles bod om stor aktivitet sjølv om det kan sjå ut til at det har vore mindre deltaking i konkurransar rundt om i kretsen og nasjonalt. Det er derimot gledeleg å registrera at rekrutteringa er bra, spesielt i friidrett men og på langrennssida.

For turgruppa har vedlikehald av stiar også i fjor vore hovudoppgåva. I 2009 vart desse stiane rydda og merka: Halsane til Storhaug, Steinheiane til Storhaug, Bårsdalen til Låganåso og Eikedalen. Varden på Englafjell er bygd opp att etter at han raste saman.

Gruppa har fått tilbakemelding på tryggleiken til tyrolartraversen ved Fjellandsbø, som blir nytta under aktivitetsdagen. Folk er skeptiske til kvaliteten på utstyret og det blir no vurdert om det er godt nok, Banen blir eventuelt teken ned i løpet av våren.

Fjelltrimmen er framleis populær og ein hamnar truleg på omlag det same talet som tidlegare, rundt 130 deltakarar.

Prosjektet "merking av turvegar" har kome langt. I fjor var arbeidet fullføring av rutebeskrivningane og utleggjing av desse på www.visitsunnhordland.no og uskedalen.no. Det manglar fleire bilete til nettsidene. Oppslagstavlane som skal stå ved starten på rutene er lova til våren.

Turngruppa rapporterer om godt oppmøte på treningane av uskedelingar i alle aldrar. Rundt rekna 100 deltek. Det er god dekning av instruktørar.

Fotballgruppa hadde Spar Heio Cup som hovudaktivitet i fjor. I år blir det ein viktig oppgåve å få tak i fleire trenrarar. Det er sett saman ei banenemnd beståande av Knut Johannes Ripel, Lars Haugland, Svein Ove Bråtun, Jostein Hauso og Oddmund Soldal.

Det blir eit samarbeid med Rosendal også dette året.

Rekneskapen for Uskedal Idrettslag for 2009 viser eit årsresultat på 26.666 kroner.

Av Ola Matti Mathisen